

PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 06/25

Styremøtet 06/25 blei gjennomført tirsdag 24. juni på teams kl 14:00-15:30.
Møtet starta kl 14:00 og vart avslutta 15:30.

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar	x		
Tone Stavland, nestleiar	x		
Jan-Erik Weinbach, styremedlem		x	
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem		x	
Natalia Golis, varamedlem		x	
Lasse Lerum, varamedlem	x		
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef	x		
Aida Husic Dahlen	x		Var med til og med sak 34/25

Sakliste:

- Sak 31/25: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
- Sak 32/25: Godkjenning av protokoll frå styremøte 05/25
- Sak 33/25: Økonomi
- Sak 34/25: Tildeling paraidrett
- Sak 35/25: Høyring spelemiddelsøknaden 2026
- Sak 36/25: Forslag styremøtedatoar i Vestland idrettskrets haust 2025
- Sak 37/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

Sak 31/25: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vedtak: **Møteinnkalling og sakliste godkjent**

Sak 32/25: Godkjenning av protokoll fra styremøte 05/25

Saksunderlag: Utkast til protokoll fra styremøte 05/25

Vedtak: **Protokollen frå styremøte 05/25 godkjent**

Sak 33/25: Økonomi

Saksunderlag: Prognose per mai.
Balanserapport 01.01.25-31.05.25

Kommentarar:

Prognose for Vestland idrettskrets viser eit mogleg resultat for året 2025. Førebels ser det ut til at vi klarar å halde budsjettet for 2025, som er vedteke med eit underskot på kr 333.000. Prognosen per 31.5. viser eit underskot på kr 298.485. Det er som alltid ein del uvisse så tidleg på året, særleg knytt til kva bidrag prosjekta vil gje til drifta. Utrekning av pensjonskostnadene er ei utfordring for 2025, noko som har vore vanleg dei siste åra. Reise- og opphaldskostnader har hatt eit auka prisnivå i 2025.

Den nye rekneskapsavdelinga ser ut til å gå i pluss så langt i år. Årsresultatet for denne avdelinga vil likevel vere noko usikkert, då vi aukar bemanninga og det tek litt tid før ein har full inntening. Dette vil likevel ikkje påverke resultatet til VIK i særleg grad. Førebels prognose for OLTV og Toppidrettslinjene viser at dei i stor grad held seg til budsjett – for OLTV eit underskot på kr 142.995 og for TIP eit underskot på kr 72.730.

Vedtak: **Styret tek rekneskap og prognose per mai 2025 til orientering.**

Sak 34/25: Tildeling paraidrettsmidlar særkrets/region

Kommentarar:

Som ein del av driftstilskotet frå Vestland fylkeskommune har Vestland idrettskrets tidlegare fått øyremerka kr. 250.000 til paraidrett/ idrett for menneske med funksjonsnedsettingar. Sjølv om tilskotet ikkje lenger er øyremerka vel vi å fortsette med denne tildelinga.

Alle særiddrettar (særforbund/særkrets/ særiddrettsregion) med aktivitet i fylket har blitt invitert til å søke. Midlane skal brukast til aktivitetstilbod som skal bidra til auka inkludering av denne gruppa i idrettslaga i Vestland. Midlane kan brukast til oppretting av nye aktivitetstilbod eller vidareutvikling av eksisterande tilbod. Midlane kan også nyttast til kompetansetiltak.

Då fristen var ute hadde det kome inn 6 søknadar med ein total søknadssum på kroner 405 000 kroner.

Administrasjonen innstilte på følgande fordeling:

Norges Basketballforbund region Vest:	40 000 kr
NFF Hordaland:	65 000 kr
NHF Region Vest:	65 000 kr
Vestland seilkrets:	20 000 kr
Norges Golfforbund:	20 000 kr
Hordaland skytterkrets:	40 000 kr

I samanheng med evalueringa som skjer av det regionale paraiddrettarbeidet støttar styret at ein formidlar til særkretsane/regionane at vi ynskjer å gå i dialog når denne rapporten er klar, for å sikre eit godt samarbeid i paraiddrettsarbeidet på tvers av krets og særkrets i framtida.

Vedtak: **Styret støttar administrasjonen sitt forslag til tildeling av midlar til paraiddrett. Totalsum på 250 000 kroner kan utbetalast av administrasjonen i tråd med innstillinga.**

Sak 35/25: Høyring spelemiddelsøknaden 2026

Saksunderlag: Høyringsnotat spillemiddelsøknad 2026

Kommentarar:

Informasjon frå NIF:

Arbeidet med neste års spillemiddelsøknad er godt i gang og det er nå klart for ei høyring i organisasjonen. Idrettsstyret har vedteke å foreslå at vi som i fjor søker om pris- og lønnskompensasjon samt midler til å styrkje enkelt prioriterte satsingar. Vedlagt ligg eit høyringsnotat som er utarbeidd av administrasjonen i NIF.

Generalsekretærar i særforbunda og organisasjonssjefar i idrettskretsane har fått notatet på e-post. I e-posten ligg det òg ei

lenkje til ei spørreundersøking som alle vert bedne om å bruke som svar på høyringa.

Innspel:

Vanskeleg å vere ueinig i det som vert lagt fram. Anlegg er sentralt. Bør søkjast om auke i midlar i den totale potten. Arbeidet med å forenkle kvardagen til idrettslaga bør prioriterast, samt kompetansehevande tiltak – kan ein flette inn fokus på eldre her? Det er òg viktig å ha fokus på ungdom, sett frå Vestland sin ståstad.

Vedtak: Styreleiar og organisasjonssjef får fullmakt til å ferdigstille vårt innspel i tråd med dei kommentarane som kom i styremøtet og leverer dette innan høyringsfristen 03. september.

Sak 36/25: Forslag møtedatoar styret i Vestland idrettskrets haust 2025

Dato	Tidspunkt	Fysisk/Digitalt
02. september	20-22	Digitalt
16. oktober	20-22 som utgangspunkt. Evt. vurdere å sjå i samanheng med VM. Kjem tilbake til denne	Fysisk eller digitalt
21-22. november	2-dagers samling lunsj til Lunsj i Bergen	Fysisk samling med administrasjon, forberede handlingsplan ny tingperiode
13. januar	20-22	Digitalt

Vedtak: Styret vedtar møteplanen som skissert over.

Sak 37/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

- Orienteringssaker, skriv og meldingar:
 - Kort status drift
 - Årshjul
 - Ungdomsutval
 - Krohnsminde
 - Refleksjonar etter Idrettstinget 2025
 - Referat IKSU møte 24.04.25 og 13.06.25
 - HMS

Deltakingar/representasjon idrettspolitiske arena:

0

Dato	Kva	Kven
15. mai	Kick off med Hordaland friidrettskrets	Nils R. Sandal, Randi Marie Farnes og Grethe Hillestad deltok
20. mai	Ekstraordinært IKSU møte	Nils R. Sandal, Randi Marie Farnes, Tone Stavland, Anne Grethe Naustdal, Heidi Hatlen
23. mai- 25. mai	Idrettstinget 2025	Nils R. Sandal, Tone Stavland, Anne-Grethe Naustdal, Jan Erik Weinbach, Magnus H. Hartwig, Stein Bjørhovde (Stadt IR), Ingeborg W. Møgster (Ungdomsutvalet), Randi Marie Farnes, Heidi Hatlen, Janne Landås, Anne-Kristine Aas
23. mai	Leiarmøte Fritidserklæringa	Helene Fraas
26. mai	Sogn og Fjordane skikrinsting	Nils R. Sandal
01. juni	Opning idrettsanlegg Masfjorden	Nils R. Sandal og Anne-Kristine Aas
03. juni	Trond Mohn Games	Magnus H. Hartwig, Randi Marie Farnes
11. juni	Krohnsminde alliansen - Møte byråd for finans og byråd for idrett Bergen kommune i forbindelse	Randi Marie Farnes, Ole Nilsen
12-13 juni	IKSU samling i Stavanger	Nils. R Sandal, Tone Stavland, Randi Marie Farnes
16. juni	Opning Olsvik Sykkel og nærmiljøanlegg	Anne-Kristine Aas deltok
16. juni	Idrettspolitisk dag i Førde	Nils R. Sandal, Randi Marie Farnes, Bodil Ryste, Erling Benjaminsen
22. juni	Opning Ekstremsportveko på Voss	Nils R. Sandal
24. juni	Markering av Brødrene Bøe i Stryn	Nils R. Sandal

Deltaking årsmøter idrettsråd:

Dato	Kva	Kven
7. mai	Gulen idrettsråd årsmøte	Anne-Kristine Aas og Ronny Lockert
22. mai	Bjørnafjorden idrettsråd årsmøte	Anne-Kristine Aas
26. mai	Askøy idrettsråd årsmøte	Anne-Kristine Aas
26. mai	Osterøy idrettsråd årsmøte	Ronny Lockert
27. mai	Sogndal idrettsråd årsmøte	Ronny Lockert, digitalt
28. mai	Alver idrettsråd årsmøte	Anne-Kristine Aas
3. juni	Gloppen idrettsråd årsmøte	Ronny Lockert, digitalt
5. juni	Bergen idrettsråd årsmøte	Nils R. Sandal og Ronny Lockert
09. juni	Masfjorden idrettsråd årsmøte	Anne-Kristine Aas
11. juni	Ullensvang idrettsråd årsmøte og anleggskurs	Anne Kristine Aas og Ronny Lockert
12. juni	Bømlo idrettsråd årsmøte	Ronny Lockert
16. juni	Stord idrettsråd årsmøte	Anne- Kristine Aas
17. juni	Voss idrettsråd årsmøte	Anne-Kristine Aas
18. juni	Kvinnherad idrettsråd årsmøte	Anne-Kristine Aas
19. juni	Austevoll idrettsråd årsmøte	Anne-Kristine Aas

Randi Marie Berntsen Farnes
Organisasjonssjef